

# Årsmelding 2021

## Sund sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Sund sokn

# ÅRSMELDING FRÅ SUND SOKNERÅD



**Bente Aase**

Soknerådsleiar

«Dette er mitt bud:  
«Dere skal elske hverandre  
som jeg har elsket dere»

Joh.15,12.

Tenk for ei god verd  
det då hadde blitt!

Soknerådet sitt hovedføremål  
finn vi i §9 i kyrkjelova:

Soknerådet skal ha si merksemd  
henvendt på alt som kan gjerast for å vekke og nære det  
kristelege liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig  
forkynt....

Innimellom nedstenging og koronakrav så har her vore  
gudstenester, myldredagar, korøvingar, strikkekafe m.m.  
Konfirmantane måtte vente litt før dei blei konfirmerte,  
då konfirmasjonen blei flytta frå vår til haust.

Hausten 2020 hadde vi Bispevisitas i soknet, men  
Biskopen sitt foredrag og formelle avslutning blei først  
gjennomført tidleg i 2021. Biskopen gav oss då nokre  
utfordringar å jobbe med:

- Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga  
skuld og for å gje Gud ære.
- Hald fram i arbeidet for gode gudstenester ved å  
oppretta eit gudstenesteutval, og inviter ungdomen til  
ungdomsgudstenester.
- Ta opp tradisjonen med undervisningskveldar for  
vaksne.
- Arbeid med systematisk oppfølging av frivillige  
uløna medarbeidarar og vurder om de kan få til ein  
frivilligkoordinator
- Det trengs ei utvida gjevarteneste, og givergleda må  
forkynnast fram og menneske utfordrast til å bidra.

I tillegg til andre oppgåver har vi tatt tak i desse  
utfordringane. Det har resultert i opprettelsen av eit  
gudstenesteutval, som igjen har resultert i blant anna  
to ungdomsgudstenester allereie. «Hallo venn» med  
karneval var veldig populær.

I haust har vi også hatt bibelundervisning for vaksne, ei  
uformell kveldsstund med ulike tema og litt drøs kring  
kaffikoppen. Litt oppfrisking av bibelsoga kan vere godt  
for fleire av oss. Her var god plass til fleire rundt bordet.

Pinsedag hadde vi eit samarbeid med kulturavdelinga i  
kommunen, kor vi i Sund Sokn hadde pilgrimsvandring frå  
Steinsland til Sund Kyrkje med etterfølgande gudsteneste.

Det var den gamle kyrkjevegen vi gjekk, via fadraboret, og  
vidare til kyrkja.

Vi var ein god gjeng som fekk både trim og kulturelle  
innslag på veien og åndelig føde som ei god avslutning.

Julemessa i kyrkjelydkjellaren var også veldig flott  
gjennomført. Trur alle var glade for å treffast igjen.  
Kr 66 623 kom inn, og skal brukast til musikalske og  
kulturelle arbeid i soknet.

Årsrekneskap og budsjett må vi også ha kontroll på.  
Pengebruken er veldig redusert i dei siste to åra, men  
vi håpar at både aktivitet og pengeforbruk skal ta seg  
opp med gode formål og aktivitetar til gode og glede  
for sundsokningen. Regnskapet for 2021 er ikkje noko  
urovekkjande å melde.

Soknerådet kan forsikre våre medlemmer om at alle  
innsamla midler til øyremerka formål er intakte, og vil bli  
brukt iht. bestemmelser.

Vi er ein god gjeng med frivillige hjelparar i soknet vårt,  
men vi ønsker oss stadig fleire. For å få noko gjennomført,  
det vere seg gudstenester, betweensklubb, myldredag,  
lys våken, julemesse, vårmarnad m.m., så blir det ikkje  
noko av utan frivillige. Dessverre så kan det bli masse  
belastning på få, så jo fleire, jo bedre, og jo meire får vi  
gjort. Så derfor ei lita utfordring til deg som sundsokning  
– vi treng deg!

Vi ynskjer oss veldig ein koordinator for frivillige. Ein  
person som kan ta vare på og byggje opp staben av  
frivillige. Om vi skal få dette til så må soknerådet betale  
for dette sjølv. Inntil vidare så har vi årleg ei fest for  
alle dei frivillige, som ein stor takk for det uvurderlege  
arbeidet som kvar einskild gjer.

Vi hadde blitt veldig glade om vi hadde fått fleire deltakere på våre arrangement. Det meste som skjer i soknet blir annonsert i sokneblad og på nettsida til kyrkje og ofte på facebook. Vi tar gjerne imot både ris og ros!

Avslutningsvis vil soknerådet sende utfordring nr. 1 frå biskopen vidare til kvar sundsokning.

Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Gud ære. Nåden er gratis, så ta imot brødet og vinen i takknemligheit!

Og ei stor TAKK til deg som støttar oss i vårt arbeid for kyrkja vår!



# ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



**Kjell-Asle Børnes**

Sokneprest

## Endå eit annleis år

Heller ikkje 2021 vart eit normal-år. Pandemien blussa opp att og medførte som kjent mange begrensningar i kyrkjelydsarbeidet.

Dermed er det vanskeleg å danna seg eit korrekt bilete av «stoda» i Sund sokn pr. 31.12.21.

Likevel kan det meldast om følgjande utviklingstrekk sett i forhold til 2020:

- Fleire gudstenester totalt i soknet, men noko nedgang i gjennomsnitt deltakarar.
- Fleire nattverd-gudstenester totalt, men litt nedgang i gjennomsnitt deltaking.
- Markant nedgang i antal vigslar.
- Grunna restriksjonane har det vore haldne ein del egne dåp-gudstenester, med berre familie og fadnar tilstades. Det har kome gode tilbakemeldingar på dette.
- Alle skulegudstenestene før jul vart korona-avlyste. Planen var å ha gudstenester rundt om på skulane, fordi dei mangla midlar til kyrkje-buss. Men så kom altså nedstenginga. Som eit lite plaster på såret, vart det sendt rundt eit digitalt tilbod til skulane.
- Nokså stabile offer-tal (faktisk ei lita auke).
- Det blei halden fest for våre frivillege medarbeidarar, med 45 tilstades! (Avlyst i 2020)
- 5 undervisningskveldar for vaksne blei haldne hausten 2021, etter oppmoding frå bispevisitasen. Dei vart haldne vekselvis i Sund kyrkje og Kausland kyrkjelydshus. Prost Jan Tommy Fosse og sokneprest Kjell-Asle Børnes underviste, og 12 personar nytta tilbodet.
- 2 ungdomsgudstenester vart haldne hausten 2021, også etter oppmoding frå bispevisitasen. Den første var i Kausland kyrkje, med tema «Hallo-venn». Den andre var i Sund kyrkje med tema «gåve». Bra frammøte, særleg av konfirmantar! Takk til gudsteneuteuvallet som stod for servering/det praktiske!
- Den korona-utsette visitasgudsteneesta med biskopen vart halden 22.august i Sund kyrkje, med påfølgjande visitas-føredrag og kyrkjekaffi ute. Det var fint å få avslutta visitasen på høveleg vis!

- Hausten 2021 meldte soknepresten at han kom til å slutta 31. desember for å gå inn i ny teneste som prostiprest i Vesthordland prosti frå 01.01.22.

Kva har vi så lært av korona-pandemien, så langt?

- Det går skremmande fort å byggja ned... Og det er tungt å få snudd trenden!


Mange har vore engstelege og halde seg unna større forsamlingar, noko vi sjølv sagt må akseptere og respektere. Men skal tru om det å gjera andre ting på søndag føremiddag langt på veg har blitt ein vane for oss...? Kanskje 2022 må bli eit år der vi særleg minner kvarandre om at søndag er kyrkjedag...






# STATISTIKK


## TAL DØYPTE




## TAL KONFIRMERTE



## TAL GRAVFERDER



## TAL VIGDE



# ÅRSMELDING FRÅ KYRKJELYDSPEDAGOGEN



**Dag Reidmar Pettersen**  
Kyrkjelydspedagog

I Sund sokn har vi fått til mykje trusopplæring og fellesskapsstyrkande samlingar for born og unge også i 2021, trass i korona! Jamn og utrøyttelig innsats frå både frivillige og løna arbeidarar og kraft og visdom frå Den heilage ande har gjort dette mogleg.

## Tiltak frå trusopplæringsplanen

Dette er breidde-tiltak der alle medlemar på kvart alderstrinn får personleg invitasjon i posten til å vera med på trusopplæringstiltak for deira alderstrinn.

### Dåp

I 2021 har det vore 40 dåp i kyrkjelyden vår. I samband med desse har sokneprest/prostiprest hatt dåpssamtaler med foreldre/fadrar.

### Utdeling av 4 års-bok

I februar var det atter strengt smittevern, og ikkje høve til å møte til gudsteneste. Difor måtte vi tenka annleis kring utdeling av 4 års-bok. 4-åringane vart inviterte til å koma til kyrkja og entra kyrkjerommet éin og éin kohort

etter tur, koma fram til bokbordet og få bok-gåva. Kantor spela fin kyrkjemusikk på orgelet. Trass i dårleg vêr kom ein fin liten gjeng innom!

### Påskevandring

På grunn av smittevernrestriksjonar kunne vi ikkje gjennomføra den vanlege påskevandringsgudstenesta på Palmesøndag. Men som med 4 års-boka, inviterte vi alle 5-åringane til å koma innom kyrkja og få Barabbas-boka medan kantor spela påskesalmar. Også her kom det ein fin liten gjeng.

### Ranselbøn

Trass i at vi ikkje kunne ha den vanlege Ranselbøn-samlinga på laurdagen, kunne vi iallfall ha familiegudsteneste søndagen før skulestart, der 6-åringane, som skulle byrja på skulen, kunne ta med skulesekken sin, bli bedt for i gudstenesta og få Sakkeus-bok!

### Bibelutdeling til 10-åringane

I gudstenesta i Sund kyrkje, siste søndag i oktober fekk vi høve til å dele ut den flotte Teikneseriebibelen til ein fin gjeng 10-åringar. Teikneseriebibelen har eit spennande utval av hendingar og tekstar frå Bibelen, og gjer desse levande gjennom gode teikningar!



### Lys Vaken

Den første adventshelga kunne vi atter invitera til Lys Vaken for alle 12-åringane som hadde lyst å vera med – overnatting i kyrkja, bibelforteljing, stasjonsvandring, lystenning og gudstenestefeiring! Knall stemning!!

### Konfirmasjon

Konfirmant-året vart gjennomført med dei fleste av samlingane som var sett opp. I staden for vanleg leir med overnatting, koste konfirmantane seg på leir-timar på Fjell-ly saman med undervisningsgruppa si – fire grupper etter kvarandre ei helg i februar!

Konfirmasjonane i 2021 vart utsette til hausten, og i september vart 65 ungdomar konfirmerte.

Så sant smittevernet tillét det hadde konfirmantane regelmessige samlingar med undervisning, Bibel & Pizza-samlingar og deltaking på gudstenester. Pandemien sette diverre ein stoppar for innsamlingsaksjonen.

### Basics – Elska, Frigjort og Kalla!

Basics er trusopplæringstiltaket for 17-åringane våre, men vi slår saman 16-, 17-, og 18-åringane og inviterer alle dei tre årstrinna til dette tiltaket. Året etter inviterer vi alle tre alderstrinna til trusopplæringstiltaket for 18-åringane og så for 16-års-tiltaket osb.

På Basics-samlingane vart vi kjende med grunnleggande kristen tru – at vi er skapt og elska av Gud, frelste ved Jesus Kristus og at Den heilage ande hjelper oss til å leva i etterfølging av Jesus og kallar oss til teneste for våre medmenneske. Basics-samlingane vart haldne rett før Boost-kvelden byrjar på tysdagar (sjå diakoni) slik at vi får ein fin kopling mellom desse.

### Trusopplæringstiltak som gjekk ut pga. korona:

«Kyrkjekino» for 13-åringane

### Regelmessige samlingar for barn og unge

Dette er regelmessige samlingar som er opne for alle born og unge som vil vera med, med fokus på fellesskapsbygging, trusopplæring og leik og moro. Desse går kontinuerleg gjennom heile året, og det er eit mål å knyta trusopplæringstiltaka til dette kontinuerlege arbeidet.

Desse er omtala i årsmeldinga for diakoni og for kyrkjemusikk

### Skule- og barnehagesamarbeidet

Dette er samlingar vi inviterte barnhagane og skulane i Sund til å koma og vera med på i kyrkjene våre.

### Julevandring for barnehagane

I desember inviterte vi alle barnehagane i Sund til å koma på julevandring i kyrkjene våre. Vanlegvis gjev vi også tilbod om å koma på besøk dersom dette passar betre enn at dei kjem til oss, men smittevernet sette ein stoppar for dette i år. Vi fekk høve til fine samlingar med borna frå fleire av barnehagane, med juleevangeliet, skodespel, julesongar, juletrengang, bollar og saft!

### Skulegudstenester

På grunn av korona-nedstenging i advent/jul lét det seg diverre ikkje gjera å få til skulegudstenester til jul i 2021. -Det får vi gleda oss til atter å feira saman med barne- og ungdom.



# ÅRSMELDING FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



**Hildegunn Børnes  
Myklebust**

Diakonimedarbeidar

Sjølv om det har vore mange restriksjonar siste året har mange frivillige tent kyrkjelyden ved gudstenester, barne og ungdomsarbeid og andre fellesskapsfremjande samlingar. Ein stor takk til alle! Siste halvdel vart meir eit normalt halvår der vi igjen kunne arrangera myldredag, betweensklubb, føremiddagstreff og strikkekafe. Og vi kom litt meir inn i vanleg rytme.

**Frivilligfesten** 26. mai, vart ute på kyrkjebakken i år, i varm og fin sol. Vi sat rundt småbord og vart servert marsipankake og kaffi. Praten og latteren sat laust, lenge sidan vi hadde kunna samlast slik. Inne vart det foredrag/kåseri av Anne Ludvigsen Kaldestad og flott musikk med Øystein Steinsland og Ole Christian Ottestad. Tema om den dei ulike gåvene vi har og at vi er unik og har ein eigen verdi. Utdeling av ei rose til kvar enkelt av dei frivillige ved utgangen som eit symbol på kjærleik og takk.

**Myldredag** i Sund og Kausland har hatt jamne treff siste halvår og viktigheita av fellesskap blir understreka i at folk kjem tilbake og nye blir med. Frivillige er med og gjer dette mogleg, ved blant anna å koka middag og leggja til rette for aktivitet.

**Boost** er namnet på ungdomsmiljøet i Sund kyrkjelyd – ein livleg og pulserande gjeng med masser av energi, god stemning og positive initiativ! Kvar tysdag er det Boost-kveld anten i Kausland- eller Sund kyrkje, og vi heldt aktiviteten ope så godt som gjennom heile 2021, trass i at pandemien til tider kravde ekstra smittevern-organisering rundt samlingane. På ein typisk Boost-kveld lagar vi mat saman, bruker mykje tid på å ete og prate, andakt/undervisning, leikar/underholdning, før vi avsluttar med bøn/lys-kveiking i kyrkjerommet.

Boost er flinke til å dra på turar! I 2021 har vi hatt fleire turar til Fløien (mellom anna ein aketur), Sjøsport-senteret på Glesnes, dessutan fann vi ut kor langt nord i kommunen det går an å få kjøpt seg iskrem, nam!





**Smågruppene** har hatt ein jamn tralt med noko opphald. Småfellesskapa er med på å ta vare på den enkelte og har vore spesielt viktige i denne tida. Målet i det nye året kan vera å få fleire småfellesskap.

**Mange møtes på føremiddagstreffa** i Sund og Kausland som er drive av frivillige. Eit møte med lunsj, song og foredrag for pensjonistar og andre som har fri på føremiddagen. Oppbyggjelege og varierte tema.

Jan og Tove Honningdal samt Solveig Økland med band vitja oss i haust på to ulike lovsongskveldar i Sund kyrkje, til inspirasjon og fellesskap.

**I allehelgenschelga** hadde vi gudsteneste der pårørnde var invitert og der vi mintest dei som døde siste året ved å tenne lys for den enkelte. Same kveld var det Open Kyrkje i Sund der den enkelte kunne koma å tenne lys sitte i stillheit og lytte til musikk. Laurdagen var diakoniutvalet for første gong på Sund senter og delte ut

lys og ein faldar «førstehjelp ved sorg». Dette vart godt mottatt, så vi ynskjer å fortsetje med det .

**Julesamlingar** for barnehagane har vi kvart år. Diakoniarbeider saman med frivillige er med og legg til rette for saft/ kaffi og bollar for gruppene som kjem. Vi ynskjer å bygge relasjon til både store og små og vise at vi set pris på fellesskapet vi har.

**Diakoniarbeider** og andre i staben har også hatt ein god del samtalar/sjelesorg både på telefon, kontor og heimebesøk dette året.

Diakoniutvalet har lagt ned mykje arbeid i å få ferdig diakoniplanen. Vi ynskjer å få den godkjent på nyåret for å kunna fokusera meir på praktisk diakoni, og få setja meir fokus på blant anna inkluderande fellesskap og styrking av frivillige framover.



# ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



**Irina Tarasova**  
Kantor

Gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, samarbeid med Stjernekor og Betweeneskor. Medverknad frå ulike musikkaktørar som: Sund Blandakor, Sund Brass, solistar, songgrupper, instrumentalistar.

testing. Trass utfordringar har tenestene vorte utført på ein god måte

## **Sommaravslutning for Stjernekor og Betweeneskor**

Til tross for koronarestriksjoner har vi gjennomført sommaravslutning for barnekor med andakt ved Kjell-Asle Børnes og song av Stjerne-og Betweeneskor. Til slutt har vi hatt grilling ute og har ete is.

## **Visitagudsteneste**

Vi har hatt Visitagudsteneste 22.08.2021 med strålende musikk-innslag av Sund Blandakor.

## **Ny dirigent for Stjernekor og Betweeneskor og Korarbeidet**

Asgeir Litlere som var dirigent for Stjernekor fram til utgangen av skuleåret, måtte trekke seg pga studietgjennomføring. Vi takkar Asgeir for flott innsats som dirigent for Stjenekoret!

Og frå hausten 2021 har vi fått ny dirigent for begge kora – Hanne Kathrine Boga. Ho er spesialpedagog/ musikkterapeut ved Stranda skule.

Stjernekor (der er det ca 30 barn) samarbeider tett med Betweeneskor (der er det rundt 12 barn frå 4. klasse og oppover). På grunn av koronapandemien var nokre øvingar og framsyningar for begge kora avlyst i dette året. Men kora deltok på hausttakkefest-gudsteneste, ungdomsgudsteneste, og lovsongskveld.

## **Viktige hendingar i 2021:**

- Koronapandemien
- Sommaravslutning for Stjernekor og Betweeneskor
- Visitagudsteneste
- Ny dirigent for Stjernekor og Betweeneskor
- Friluftsgudsteneste på Tyssøy med Sund Blandakor og Sund Brass
- Open kyrkje (Sund kyrkje)
- Konsertar
- Musikk-innslag i gudstenester

**Koronaepedimien** med sine restriksjonar har påverka oss i stor grad. Mykje av det arbeidet ein la planar for i 2021 har vorte endra på eller avlyst. Konfirmasjonar vart utsett til hausten 2021, gudstenester og konsertar har vorte avlyst eller nedskalert, avgrensingar i kor mange me har fått lov å samle i kyrkjene, møteverksemd på TEAMS, digitale innspelningar, eigne dåpsgudstenester pga antalsavgrensingar, munnbind, handsprit, avstand og



### Friluftsgudsteneste på Tyssøy

Med flott musikk-innslag av Sund Blandakor og Sund Brass i regnvêret har vi hatt fin friluftsgudsteneste på Tyssøy 13. juni.

### Åpen kyrkje

1. april og 7. november i Sund kyrkje var det «Åpen kyrkje»- med 2-timars meditative orgel-og pianomusikk.

### Konsertar i kyrkjene:

Det har vore nokon musikkarrangement dette året:

- 01.06 Sund kyrkje: Sommaravslutningskonsert for Stjernekor og Betweenkor
- 25.11 Sund kyrkje: Minikonsert med klarinettstudent frå Grieg-Akademiet, Pavel Girunyan
- 06.12 Sund kyrkje: «Julekonsert» med Sund blandakor

- 08.12 Sund kyrkje: Julekonsert med Øysong-koret
- 19.12 Sund kyrkje: Julekonsert med Veslemøy Fluge Berg, Anita Heggholmen, Roy Vorland og Wedberg Trio-  
AVLYST pga koronapandemien
- 19.12 Kausland kyrkje: «Vi syng jula inn» (Stjernekor og Betweenkor): AVLYST pga koronapandemie

### Musikk-innslag i gudstenester

Sund Blandakor, Sund Brass, Roy Vorland, Aslaug Ottestad (kornett/trompett), Henrik Falang (kornett/trompett), Sofia Hyttedalen (sang), Eric Helstrand (sang), Solveig Økland (sang), Ole Christian Ottestad (saksofon), Dag Reidmar Pettersen (bass-gitar) Stjernekor, Betweenkor, forsangere.

Me har hatt digital innspilling av langfredag-gudsteneste med følgende musikere: Pavel Girunyan, Hanna Veits, Irina Tarasova (piano/orgel).



## Medarbeidarane i Sund sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Kjell Asle Børnes	Sokneprest fram til 31.12.21
Annlaug Børve	Soknetamleiar og kyrkjeverje
Tove Olene Foss Solvang	Administrasjonskonsulent
Dag Reidmar Pettersen	Kyrkjelydspedagog
Hildegunn Børnes Myklebust	Diakonimedarbeidar
Irina Tarasova	Kantor
Rolf Oksnes	Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar
Arne Opheim	Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar

## Årsrekneskap for Sund sokneråd 2021

Sund sokneråd har lagt bak seg enno eit annleis år, også økonomisk. Både inntekter og utgifter ligg godt under det som var budsjettert for året. Soknerådet går samla sett med eit overskot på kr. 72 524,-

Sund sokneråd har hatt kr 101 041,- i utgifter og kr 225 206,- i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr 124 465,-. Sund sokneråd set av kr 357 038,- til ulike fond; Fond barne- og ungdomsarbeid, fond julemesse og fond barnekor. I tillegg er to fond avslutta og flytta til disposisjonsfond for soknerådet og fjorårets overskot er sett av i disposisjonsfondet. Etter dette er det eit overskot på kr 72 524,- som kan overførast til soknerådet sitt disposisjonsfond.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Sund sokneråd på mange ulike måtar i 2021.

